


VELKOMMEN TIL MEDARBEIDERSAMLING OG ÅRSMØTE I ROGALAND HUSFLIDSLAG 13.-15. MARS 2020

I år skal me ha denne helga midt i Stavanger, på **Scandic Stavanger City** hotell, Reidar Bergesgate 7 i Stavanger (nede ved Tau-ferja)



Scandic Stavanger City er eit relativt nytt og stort hotell, så i år blir det nok høve til enkeltrom for dei fleste.



Svithun Husflidslag har 40-års jubileum i år, og vil vera vertskap for årsmøtet. Dei er allereie godt i gang med planlegging og innspel til programmet.

Me ønskjer alle hjertelig velkomne til ei triveleg Husflidshelg midt i Stavanger sentrum!

Stavanger, 10.01.20

til Lokallaga i Rogaland

Medarbeidersamling / årsmøte 2020 - påmeldingsinfo:

fredag 13. - søndag 15. mars 2020 på Scandic Stavanger City hotell.

Påmelding skjer på Deltager.no:

https://www.deltager.no/anne_margrethe_myhre_13032020

Her må du betala med det same, så ha bankkortet klart.

Frist for påmelding er 15. feb. Etter dette blir påmeldinga stengt!

Me oppfordrar alle til å bruka **Full pakke** - det svarer seg økonomisk for deltakarane og sparer oss for veldig mykje arbeid i etterkant. Kursavgifta kjem i tillegg for alle!

Full pakke for helga: **kr. 4.500 kr**

2 overnattingar, dagpakke laurdag og søndag,
mat fredag kveld, festmiddag laurdag kveld
og generell deltakaravgift.

Kursavgift: Materialkostnader kjem i tillegg. **kr. 300 kr**

Alternativt - stykkevis og delt:

Deltakaravgift (obligatorisk for alle) **kr. 600 kr**

Mat fredag kveld Suppe m/brød **kr. 200 kr**

Dagpakke laurdag: lunsj, småmat, føredrag, møterom **kr. 690 kr**

Dagpakke søndag: lunsj, småmat, program, møterom **kr. 550 kr**

1 natt i enkeltrom: **kr. 990 kr**

Festmiddag: **kr. 600 kr**

Men vennleg helsing
Rogaland Husflidslag

Anne Margrethe Myhre
Sekretær/kasserar





MEDARBEIDARSAMLING OG ÅRSMØTE 2020 - TIDSPLAN

Fredag 13. mars

15.00	Arrangørane kjem og riggar og ordnar.....	
frå kl 17.00	Innsjekking + registrering	- foaje
18.00 - 19.00	Mat	
19.00 -	Holdbart - i teori og praksis Agnete Sivertsen og Berit F. Rasmussen	- møtesal

Laurdag 14. mars Medarbeidarsamling

08.45 - 09.00	Velkommen til Stavanger/Svithun	- møtesal
	Praktiske opplysningar	
09.00 - 13.15	Kurs (ca 4 timar)	- møterom/gr.rom/foaje
13.15 - 14.00	Lunsj -	
14.00 - 16.00	Mingletid	
	Husflidmarknad	- ope for publikum!
	Datahjelp frå sekretæren	- foaje
	Lotteri	
	Kurslokala opne u/lærer for ferdigstilling	
16.00 - 18.00	Husflidshandverkarane årsmøte	- mindre møterom
16.00 - 17.30	Konsertforedrag	- møtesal
17.30 - 19.00	Pause - fri	
19.00	Festmiddag	- restaurant
	Velkomstdrink	
19.15 - 19.30	Velkommen til Svithun	
	Allsong	
19.45 - 21.00	Forrett + Middag	
21.00 - 21.30	Jubileumsmarkeringar, helsingar, Allsong	
21.30 - 22.00	Dessert	
22.30	Sosialt samvær	

Søndag 15. mars Årsmøte

09.00 - 10.00	Året rundt i Husflidslaget - organisasjonsarbeid	- møtesal
10.00 - 10.10	Velkommen og opning av møtet	- møtesal
10.10 - 13.00	Årsmøte	- møtesal
	Takk for laget	
13.00 - 14.00	Lunsj	

KURSTILBUD:

Skriv opp nummeret på det kurset du ønsker å gå på. Velg eit alternativt kurs viss det skulle bli altfor mange på eit av kursa, eller om det skulle koma noko i vegen.

Kurs nr. 1 Spikking av hjerter

Lærer: Maritha Nielsen

Materialkost: 50 kr

Spikking av trehjerter.
Ta med god kniv og skinnforkle om du har, men kurslærer har også til låns.

Maritha er utdanna lærar i Kunst og Håndverk.



Kurs nr. 2 Holdbart: Fiksbuksa

Lærer: Berit F. Rasmussen

Materialkost: x00 kr

Her får deltakarane tips og triks for å fremja bærekraftig husflid. Praktiske øvelsar.

Ta med dongeribukser som treng reparasjon og ei som du kan klippa sundt og bruka til lappar.

Kurs nr. 3 Bivokspapir (av bomull/lin)

Lærer: Ida Kristin Rosmo

Materialkost: 150 kr

Bærekraft er m.a. å bruke mindre plast i hverdagen. Et godt alternativ på kjøkkenet er bivokspapir, som er av bomull eller lin og ikke papir.



Kurs nr. 4 Nunofilting ull/silke

Lærer: Tone Tvedt
Materialkost 250 -500 kr
Ta med: stort håndkle

Deltakarane får lage et silkeskjerf.
Tone har med seg silke og ull.
Pris vil variere ut frå materialvalg.



Kurs nr. 5 Pilfletting

Lærer: Klara Pil
Materialkost kr 350

Her får deltakarene laga et serveringsbrett.
Ta med 16 stk. klesklyper


Kurs nr. 6

Lærer: Tove Kristin Seierstad
Materialkost: 650 kr
Ta med Kjevle og forkle

Du får laga ein vase i kjevla plateteknikk.
Denne blir råbrent, glasert og glasurbrent av
Tove i etterkant. Om det blir tid til overs, får
de kanskje også laga ei ildfast form.



Georg Pollestad: Ei eventyrleg munnspelehistorie!



Her i verksladen heime på Tjøtta tryllar Georg Pollestad fram munnspele med den flotte klangen. Han får også god hjelp av lokale bedrifter som Jærtek, Satte Mek og Bryne stål til arbeidsoperasjonar som må datastyrt.



Lørdag 14. mars kl. 16.00

på Scandic Stavanger City hotell

